



EIT LIV UTAN VALD

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2024 - 2028



Vedteken i kommunestyret 29.04.2025

INNHALDSLISTE

1.	INNLEIING	2
1.1	Bakgrunn	2
1.2	Kommunen sitt ansvar	2
1.3	Vald i små samfunn	2
1.4	Kort om Bokn	2
2.	RESSURSGRUPPA /ARBEIDSGRUPPA.....	3
3.	ARBEIDET MED HANDLINGSPLANEN	3
3.1	Plan for implementering	3
3.2	Evaluering og rullering	4
4.	SATSINGSOMRÅDE OG TILTAK.....	4
5.	KUNNSKAPSGRUNNLAG	6
6.	LOVGRUNNLAG	7
6.1	Tiepleikt.....	7
6.2	Opplysningsrett	7
6.3	Meldepleikt og opplysningspleikt	7
6.4	Avverjepleikt.....	8
7.	PLANAR, STRATEGIAR, FØRINGAR OG RAPPORTAR	8
8.	EKSISTERANDE TILBOD PÅ HAUGALANDET	8
9.	NETTSTADER OG HJELPETELEFONAR	11
	TILTAKSKORT 1 – BARN OG UNGDOM	13
	Kva skal du gjere ved mistanke om vald eller seksuelle overgrep mot barn/ungdom?.....	13
	TILTAKSKORT 2 – VAKSNE OG ELDRE.....	16
	Kva skal du gjere ved mistanke om vald eller seksuelle overgrep mot vaksne / eldre?	16
	RETTLEIING FOR DOKUMENTASJON	19

1. INNLEIING

Vald i nære relasjonar er alvorleg kriminalitet og utgjør eit omfattande samfunns- og folkehelseproblem. Valden skaper utryggleik, kan gi helseutfordringar og tap av velferd, og avgrensar livsutfaldinga og moglegheita til den enkelte for aktiv samfunnsdeltaking. Basert på ei total kartlegging av samfunnsøkonomiske kostnader av vald i nære relasjonar i Noreg anslår me at kostnadene utgjorde 92,7 milliardar kroner i 2021. Dei samfunnsøkonomiske kostnadene blir borne av valdsutsette, valdsutøvar, arbeidsgivarar, pårørande, frivillig sektor og storsamfunnet ([RAPPORT SAMFUNNSKOSTNADER AV VOLD I NÆRE RELASJONER](#)).

Handlingsplan «Eit liv utan vald» skal sikre at Bokn kommune har fokus på vald og overgrep, og at dei som er råka får eit tilbod som er tilrettelagt og heilskapleg. Handlingsplanen skal auke kunnskap hos dei tilsette i kommunen og styrkje samhandling mellom faggrupper, sektorar og ulike forvaltningsnivå.

1.1 Bakgrunn

Rådmannsgruppa på Haugalandet gav kommunane i oppdrag å utarbeide handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Handlingsplanen var den gongen eit samarbeid mellom 9 kommunar på Haugalandet, og vart handsama i Bokn formannskap mai 2016.

Innhaldet i denne handlingsplanen byggjer på den førre planen, men er revidert etter innspel frå dei ulike tenesteområda og eksterne samarbeidspartar hausten 2024.

1.2 Kommunen sitt ansvar

Kommunen skal fremje folkehelse, trivnad og gode sosiale og miljømessige forhold, samt førebyggje og behandle sjukdom, skade eller lyte. Oppgåvene omfattar heile spennet frå generelt folkehelsearbeid til individuell oppfølging av enkeltpersonar. Hjelpetilboda skal vere kunnskapsbaserte og samordna, og sikre at kommunen fyller lovkrava om å førebyggje, avdekke og avverje vald og seksuelle overgrep.

Dersom kommunen skal lukkast i arbeidet med å førebyggje vald, må kommuneleiinga ta ansvar for at dei tilsette har grunnleggjande kunnskap og kompetanse om vald og seksuelle overgrep, og korleis dette kan avdekkast og følgjast opp.

1.3 Vald i små samfunn

Vald i nære relasjonar kan ramme alle. I mindre samfunn kan det vere ekstra vanskeleg å våge å sjå og våge å spørje. Det er lett å tru at ein kjenner alt som skjer innanfor veggane til naboene. Me kan bagatellisere eller forstå oss ihel i mange situasjonar. Det er avgjerande at me maktar å ta inn over oss at sjølv dei verste sakene som førekjem andre stadar, også førekjem hos oss. Me må våge å sjå, våge å spørje og ha kunnskap til å handle. I små samfunn kan dobbeltroller gjere det ekstra utfordrande. Både det private og det profesjonelle livet kan bli påverka. Det er viktig at kommunen har auka bevisstheit rundt problemstillinga og fokus på refleksjon rundt temaet, både for at dei som treng det skal få hjelp og at dei tilsette får støtte til å stå i vanskelege situasjonar.

1.4 Kort om Bokn

Bokn er ein øy-kommune i Rogaland som består av tre bebudde øyar (Ognøy, Austre Bokn og Vestre Bokn) og 123 småøyar og holmar. Kommunen har 891 innbyggjarar ([SSB, 2024](#)).

Kommunen er oversiktleg med tette band mellom menneska. Likevel opplever fleire manglande inkludering. Det er låg arbeidsløyse, og få låginntektsfamiliar. Befolkninga vert eldre, men har god helse. Det vert fødd færre born. ([samfunnsdelen av Kommuneplan 2019 – 2031](#))

Ungdom i Bokn har tidlegare rusdebut samanlikna med nabokommunar/landsgjennomsnittet.

Talet på dei som har vore rusa på alkohol det siste året ligg også noko høgare enn landsgjennomsnittet. Det er lite andre rusmiddel enn alkohol i ungdomsmiljøet. Talet på

rapporterte psykiske plager ligg like over landsgjennomsnittet. ([samfunnsdelen av Kommuneplan 2019 – 2031, UngData 2022](#))

Tal frå BrukerPlan registrering 2024 (personar med psykisk uhelse, rusutfordringar eller ein kombinasjon av desse) viser at ingen av dei kartlagde er utsett for vald/utøver vald sjølv. Valdsomfanget i kommunen er ikkje stort. Siste registrerte valdssak hos politiet var i 2021. Vi veit at vald er vanskeleg å snakke om og kan være vanskeleg å avdekke, slik at det kan vere mørketal. Grunna utilstrekkeleg talmateriale i nasjonale kartleggingar, kan profilar frå kartleggingsverktøy som UngData og BrukarPlan vere usikre.

2. RESSURSGRUPPA /ARBEIDSGRUPPA/VALDSKOORDINATOR

Det er sett saman ei tverrfagleg og tverretatleg ressursgruppe. Gruppa består av:

Henriette S. Lindanger – helsesjukepleiar, Bokn helsestasjon og skulehelsetenesta
Janne Elisabeth Ytreland – helsefagarbeidar, Bokn sjukestove
Miriam Berland – psykisk helse- og rustenesta, Bokn kommune
Elisabeth Brekkå, Krisesenter Vest IKS

Planen er utarbeidd etter tidlegare plan, innspel frå ressursgruppa, frå ungdomsråd og råd for eldre/personar med funksjonsnedsetjing og frå dei ulike tenesteområda. Den er ført i pennen av Miriam Berland, psykisk helse- og rustenesta.

Mandat for ressursgruppa:

- Bidra til auka informasjon og kompetanse i kommunen på området
- Eit særskilt ansvar for implementering av planen
- Følgje opp tiltak i handlingsplanen
- Jobbe med tiltakskort
- Gi informasjon og råd om korleis tiltaka kan implementerast i tenestene
- Evaluering av handlingsplan og tiltak
- Bidra i planlegging og gjennomføring av kompetanseheevande tiltak som t.d. ved konferansar eller fagdagar.

Ein valdskoordinator og koordinerande eining har som oppgåve å sikra heilskapleg oppfølging av personar utsett for vald i nære relasjonar. Valdskoordinatoren legg til rette for god kommunikasjon og samordning mellom tenestene i kommunen, krisesenter, politiet og andre relevante aktørar. Koordinatoren fungerer som ei støtte og samtalepartner, og samarbeider med den utsette, familiemedlemmer og involverte instansar for å gi best mogleg hjelp og tryggleik. Valdskoordinator i Bokn kommune er Miriam Berland, psykisk helse- og rustenesta.

3. ARBEIDET MED HANDLINGSPLANEN

Denne handlingsplanen må sjåast i samanheng med anna planverk i kommunen, då mål og tiltak er tilgrensande og overlappende med andre planar.

Kommuneplan 2019 - 2031 Samfunnsdel

Helse og omsorgsplan 2020 – 2024

Handlingsplan Leve heile livet i Bokn kommune 2021 – 2024

Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2021 – 2025

Bustadsosial handlingsplan 2021 - 2024

3.1 Plan for implementering

Skal kommunen lukkast i arbeidet mot vald i nære relasjonar er det avgjerande at det vert sett søkelys på temaet. Arbeidet og tiltaka må forankrast både politisk, administrativt på leiarnivå og i

dei enkelte tenestene. Ressursgruppa og leiar for dei ulike tenestene er nøkkelpersonar i implementeringsarbeidet.

Handlingsplan og tiltakskort skal vere tilgjengeleg på kommunen sine nettsider, i Compilo og i papirversjon ved Bokn sjukestove

3.2 Evaluering og rullering

Handlingsplanen skal evaluerast årleg. Personane i ressursgruppa deltek i evalueringa. Psykisk helse- og rustenesta tek initiativ til evaluering.

Handlingsplanen skal rullerast kvart 4.år. Psykisk helse- og rustenesta har ansvar for prosessen.

4. SATSINGSOMRÅDE OG TILTAK

FOKUSOMRÅDE BARN OG FAMILIE

TILTAK	TIDSFRIST	ANSVARLEG
Setje vald i nære relasjonar inn som fast tema i årshjul.	Mars 2025	Kommunalsjef oppvekst
Gjennomgang av handlingsplan mot vald i nære relasjonar, rutinar knytt til planen og roller i konkrete saker.	Årleg oktober	Kommunalsjef oppvekst
Fokus på vald i nære relasjonar på personalmøte. Ein skal nytte case, og ha drøfting og refleksjon rundt denne.	Årleg oktober	Kommunalsjef oppvekst
Tilsette skal bruke snakkemedbarn.no – Øv deg på samtaler med barn og unge for kompetanseheving.	Årleg april	Kommunalsjef oppvekst
Informasjon om vald til foreldre og føresette, skriftleg/digitalt eller munnleg i møter med heimen.	Årleg oktober	Kommunalsjef oppvekst
Helsesjukepleiar har vald som tema - ved heimebesøk hos nyfødte - i 1.klasse - på mellomtrinnet	Årleg	Helsesjukepleiar Kommunalsjef oppvekst

Dei siste åra har det vore meir fokus på kunnskap om barn og unge med problematisk eller skadeleg seksuell åtferd. Slike åtferder kan vera vanskeleg å definera, og ofte startar dei med ei magekjensle om at noko ikkje er greitt. Omfanget av overgrep utført av unge under 18 år er ukjent i Noreg, men halvparten av vaksne overgripingar rapporterer om avvikande seksuelle interesser frå tidleg ungdom. Helsestasjonen brukar Trafikklyset som kartleggingsverktøy for å skilja mellom sunn, urovekkjande og skadeleg seksuell åtferd. Bekymring vert drøfta med Barnevernstenesta, i alvorlege saker vert også politiet involvert.

Kontaktperson i Bokn kommune er helsesjukepleiar Henriette S. Lindanger ved [Bokn helsestasjon](#).

FOKUSOMRÅDE VAKSNE OG ELDERE

Tiltak	Tidsfrist	Ansvarleg
Setje vald i nære relasjonar inn som fast tema i årshjul.	Mars 2025	Kommunalsjef helse og omsorg
Gjennomgang av handlingsplan mot vald i nære relasjonar, rutinar knytt til planen og roller i konkrete saker.	Årleg oktober	Kommunalsjef helse og omsorg
Fokus på vald i nære relasjonar på personalmøte. Ein skal nytte case, og ha drøfting og refleksjon rundt denne. Aktuell ekstern ressursperson vil bli invitert til å delta på personalmøtet.	Årleg oktober	Kommunalsjef helse og omsorg
Tilsette skal bruke Casegeneratoren eller E-læringsprogrammet – Vern for eldre for kompetanseheving.	Årleg april	Kommunalsjef helse og omsorg

FOKUSOMRÅDE FLYKTNING

Tiltak	Tidsfrist	Ansvarleg
Kommunen har flyktningar i ulike aldersgrupper. Flyktningkoordinator skal inviterast inn i drøftingar og refleksjon i dei ulike tenestene når vald er tema.	Årleg april	Kommunalsjef oppvekst Kommunalsjef helse og omsorg Flyktningkoordinator

FOKUSOMRÅDE KOMPETANSEHEVING

Tiltak	Tidsfrist	Ansvarleg
Rettleiing frå eksterne aktørar i enkeltsaker. Det skal vere låg terskel for den tilsette å ta kontakt med til dømes politi eller barnevernsteneste og be om råd og rettleiing for vidare handsaming.	Kontinuerleg og ved behov	Kommunalsjef oppvekst Kommunalsjef helse og omsorg
Annakvart år skal det arrangerast kurs/fagdag/faglunsj/ innlegg på personalmøte frå ekstern aktør med særskilt kompetanse (td. RVTS, Krisesenter, barnevernstenesta) på etterspurte tema: kva ser me kva spør me om kva gjer me gjernar med konkrete verktøy. Leiar har ansvar for gjennomføring.		
Jamleg deltaking på aktuelle kurs og i nettverk for ressursgruppa og nøkkelpersonar i arbeidet omkring vald og overgrep.		

FOKUSOMRÅDE TVERRFAGLEG SAMARBEID

Tiltak	Tidsfrist	Ansvarleg
Kalle inn aktuelle tenesteytarar til tverrfagleg samarbeid i konkrete saker.	Ved behov	Den som har ansvar for saka

FOKUSOMRÅDE INFORMASJON

Tiltak	Tidsfrist	Ansvarleg
Informasjon om tema og ressursgruppa på kommunen sine nettsider, Facebook og informasjonsskjermar.	Årleg mai og desember	Planansvarleg Nettredaktør



5. KUNNSKAPSGRUNNLAG

Kva er vald i nære relasjonar?

Ifølgje Verdshealseorganisasjonen (WHO 2002) er vald eit vidt omgrep og må forståast som all forsettleg bruk av makt, tvang eller truslar mot ein annan person som resulterer i eller har gode sjansar for å resultera i død, fysiske og psykiske skadar eller mangelfull utvikling. WHO påpeikar at vald kan vere fysisk/psykisk/seksuell vald og materielle overgrep, men det kan også vere fråvær av handlingar i form av fysisk og emosjonell neglisjering og omsorgssvikt.

Ein mykje brukt definisjon, både i Noreg og internasjonalt, er Per Isdal sin: "Vald er einkvar handling retta mot ein annan person, som gjennom at denne handlinga skader, smerter, skremmer eller krenker, får den personen til å gjere noko mot sin vilje eller slutte å gjere noko den vil."

Du finn meir informasjon om ulike typar vald her:

[Det finst ulike typar vald.](#)

[Ulike former for vold og overgrep – NKVTS – En veileder om vold i nære relasjoner](#)

I [straffelova av 2005 § 282](#) blir nære relasjonar definert som noverande eller tidlegare ektefelle eller sambuar, noverande eller tidlegare ektefelles eller sambuars slektning i rett nedstigande linje, slektning i rett oppstigande linje, nokon i husstanden sin eller nokon i omsorga si. Det vil seia at nære relasjonar også omfattar søsken, barn, forelder, besteforeldre og barnebarn. I denne planen blir også storfamilie, partner, kjærastrelasjonar, nære venskapsband og personar i bufellesskap rekna som nære relasjonar.

Vald i nære relasjonar fører med seg særlege utfordringar. Dei som vert råka av valden er viktige i kvarandre sitt liv. Dei har felles historie og er ofte avhengige av kvarandre. Eit særtrekk ved vald i nære relasjonar er den tette samanvevinga mellom vald og kjærleik. Det er viktig å vere medviten at vald vert utøvd i alle samfunnslag.

Konsekvensar av vald

[Vald i nære relasjonar har ein klar samanheng med fysisk og psykisk helse.](#)

I tillegg til dei synlege og umiddelbare skadane, kjem seinverknader i form av fare for at offeret/ofra får både fysiske og psykiske seinskadar.

6. LOVGRUNNLAG

Etter norsk lov er kommunen plikta til å gi sine innbyggjarar og valdsutsette eit forsvarleg tilbod. I høve til kommunale tenester er [folkehelselova](#), [barnehagelova](#), [sosialtenestelova](#), [opplæringslova](#), [barnevernslova](#), [helse- og omsorgstenestelova](#) og [krisesenterlova](#) sentrale rettslovar.

Tilsette i Bokn har eit personleg ansvar for å melde frå til politi og/eller barnevern ved mistanke/bekymring om at nokon er utsett for vald eller seksuelle overgrep. Ved tvil kan saka drøftast anonymt med næraste leiar, politi og barnevern.

[Noen plikter ved vold og overgrep - Plikt](#)

[Lovverk – NKVTS – En veileder om vold i nære relasjoner](#)

6.1 Teieplikt

Teieplikta skal hindre at opplysningar om nokon sine personlege tilhøve, vert kjent for uvedkommande. Teieplikta for offentleg tilsette er heimla i [forvaltningslova § 13](#). I tillegg er fleire profesjonar og faggrupper underlagt særskilt teieplikt i ulike særlover: [Barnevernlova](#), [Barnehagelova](#), [Sosialtenestelova](#), [Opplæringslova](#) og [Helsepersonellova](#). Teieplikta er ikkje absolutt. Unntaka frå teieplikta kan delast i to kategoriar; unntak som gir helsepersonell opplysningsrett og unntak som pålegg helsepersonell opplysningsplikt eller meldeplikt.

6.2 Opplysningsrett

Opplysningsrett inneber at tilsette kan, men ikkje pliktar å utlevera teiepliktige opplysningar. I desse situasjonane kan teieplikta opphevast ved samtykke frå pasienten.

6.3 Meldeplikt og opplysningsplikt

I somme situasjonar har offentlege myndigheiter ei lovfesta plikt til å gi opplysningar, som i utgangspunktet er teiepliktbelagde, til bestemte etatar eller tenester.

Meldeplikta kan vera grunngitt i omsynet til pasienten eller til behovet i samfunnet for å kunna følgja opp. Meldeplikt inneber at du sjølv må ta initiativ og melde frå. Meldeplikta er eit sjølvstendig og personleg ansvar som den einskilde tilsette har. Kvar og ein må sjølv ta ei konkret og skjønsmessig vurdering av situasjonen. Det er ikkje tilstrekkeleg å underrette ein overordna.

Opplysningsplikta er ei plikt til å gje opplysningar på førespurnad. Den som krev teiepliktbelagde opplysningar frå deg, må vise at tenesta har rett på opplysningane ved å legge fram eit skriftleg samtykke, eller vise til ein konkret heimel som gir rett til opplysningar utan hinder av teieplikt. Tenestene har berre plikt til å gje opplysningar som er relevante for å belyse dei sakene og situasjonane som plikta er knytt til. Det er den som gir opplysningane som må vurdere kva opplysningar som er relevante ut frå den informasjonen vedkommande har fått.

Les meir:

[Taushetsplikt, opplysningsrett og opplysningsplikt i forvaltningen – en veileder \(regjeringen.no\).](#)

6.4 Avverjeplikt

Alle har etter [§ 196 i Straffeloven](#) plikt til å hindre at alvorlege straffbare handlingar skjer. Plikta vert utløyst i det du får kunnskap om at ei straffbar handling vil skje, eller trur det er mest sannsynleg at handlinga vil skje. Plikta gjeld for alle, uansett om dei er offentleg tilsette eller privatpersonar. Det er ei sjølvstendig og individuell plikt til å handle av eiga tiltak, og den einskilde må ta ei skjønnsmessig vurdering av faren for overgrep.

Avverjeplikta gjeld fleire alvorlege straffbare handlingar. Dersom du er i tvil om avverjeplikta gjeld kan du kontakta din nærmaste leiar, og/eller drøfte med politi eller barnevern. Vurderingane du gjer, bør skrivast ned. Les meir om avverjeplikta her: [Avvergingsplikten - plikt.no](#)

Hugs at avverjeplikta alltid går føre lovpålagt teieplikt, og gjeld ALLE til ei kvar tid

7. PLANAR, STRATEGIAR, FØRINGAR OG RAPPORTAR

Arbeidet med å førebyggje, avdekke og setje inn tiltak mot vald i nære relasjonar blir styrt av internasjonale forpliktingar, nasjonale og sentrale føringar, lovverk, handlingsplanar og forskrifter. Det kan vere nyttig å kjenne til:

- ✓ [Frihet fra vold Regjeringens handlingsplan for å forebygge og bekjempe vold i nære relasjoner 2021–2024](#)
- ✓ [Opptappingsplan mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjoner \(2024–2028\) Trygghet for alle](#)
- ✓ [Retten til å bestemme over eget liv. Handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse \(2017-2020\) \(regjeringen.no\)](#)
- ✓ [Handlingsplan mot voldtekt 2019–2022 \(regjeringen.no\)](#)
- ✓ [Veileder for helse- og omsorgstjenestens arbeid mot vold i nære relasjoner](#)
- ✓ Omfang av vold og overgrep i den norske befolkningen: [NKVTS Rapport 1-23](#)

8. EKSISTERANDE TILBOD PÅ HAUGALANDET

Arbeidet med valdsproblematikk i nære relasjonar krev ofte tverretatleg og tverrfagleg innsats. Under finn du oversikt over aktuelle hjelpeinstansar.

Barnevernstenesta

Barnevernet si hovudoppgåve er å bidra til at barn får nødvendig hjelp og omsorg når det på grunn av forhold i heimen, eller av andre grunnar, har særleg behov for det.

Besøksadresse: Karmøygården, Stangalandsgata 3, 4250 Kopervik

Telefon: Sentralbord 900 63 350 kl. 08.00 - 15.00 (kvardagar)

Vakttelefon: 915 32 510 kl. 15.00 – 08.00 (helg: heile døgnet)

Bokn helsestasjon

Helsestasjon og skulehelsetenesta er eit gratis tilbod til born og unge (0-20 år), gravide og foreldre. Helsestasjonen skal bidra til å avverje og avdekke vald, overgrep og omsorgssvikt. Helsestasjonen/skulehelsetenesta samarbeider nært med andre kommunale helsetenester, og kan hjelpe med tilvising, oppfølging og kontakt med andre deler av hjelpeapparatet.

Besøksadresse: Boknatunvegen 39, 5561 Bokn

Telefon: 938 51 409 kl. 08 00 – 15 00 (kvardagar)

Familievernkontoret Haugalandet

Familievernkontoret er eit gratis tilbod til familiar med vanskar, kriser eller konflikt. Du treng inga tilvising.

Besøksadresse: Haraldsgata 90, 5528 Haugesund

Telefon: 52 70 08 20 kl. 08.30 - 15.00 (kvardagar)

Fastlege

Fastlegen kan vera ein god samtalepart og har erfaring i å møta menneske som har det vanskeleg. Oppgåvene til fastlegen er å hjelpa pasientar med fysiske sjukdommar, psykisk helse og rus. Fastlegen kan visa deg til spesialisthelsetenesta viss det er behov for det, eller orientera deg om andre stader du kan få hjelp, og som ikkje krev tilvising. Fastlegen har ansvar for heilskapen når du blir greidd ut, behandla og følgd opp, også når du får hjelp av andre.

Haugesund interkommunale legevakt

Legevakta er for akutt, alvorleg sjukdom og skade som ikkje kan vente til neste dag.

Besøksadresse: Karmsundgata 59 B, 5531 Haugesund

Telefon: 116 117 heile døgnet

Helse Fonna

✓ [BUP Haugesund](#)

Besøksadresse: Vinjes gate 10, 5532 Haugesund

Telefon: 52 73 28 00 kl 08 00 – 15 30 (kvardagar)

✓ [Haugaland distriktpsikiatriske senter](#)

Besøksadresse Haugesund: Floravegen 75, 5535 Haugesund

Telefon: 52 73 21 00 kl 07 30 – 15 30 (kvardagar)

Besøksadresse Karmøy: Asaldalvegen 1, 4250 Kopervik

Telefon: 52 73 43 00 kl 07 30 – 15 30 (kvardagar)

✓ [Overgrepsmottaket](#)

Me gir hjelp til kvinner, menn og ungdom over 14 år som har vore utsett for eit seksuelt overgrep i løpet av den siste veka. Du treng ikkje tilvising, og det er ikkje eit krav at du må melda saka. Du kan ta med deg ein person du er trygg på når du kjem.

Besøksadresse: Haugesund sjukehus, Karmsundgata. 120, 5528 Haugesund

Telefon: 469 29 130 / 52 73 20 00 (sentralbordet ved Haugesund sjukehus)

✓ [Sinnemeistring](#)

Helse Fonna har jamleg kurs i sinnemeistring til personar med sinne- og valdsproblematikk. Her får du hjelp til å gjere bruk av alternativ til sinnereaksjon. Du må ha tilvising frå behandlar.

Kontakt: Lærings- og meistringssenteret

Telefon: 52 73 29 40

Helsestasjon for ungdom

Helsestasjon for ungdom er eit gratis drop-in tilbod for ungdom frå 13 til og med 19 år, og alle elevar i vidaregåande skule.

Besøksadresse: Skåregata 92, Haugesund (5.etasje Markedet)

Telefon: 52 74 41 09

Konfliktrådet Sør-Vest

Konfliktrådet er ei statleg teneste som tilbyr mekling som metode for å handtera konflikhtar.

Meklarane i konfliktrådet legg til rette for møta mellom partane i ein konflikt. Det er gratis å bruka konfliktråd.

Besøksadresse: Kirkegata 130, 5527 Haugesund

Telefon: 53 01 43 79 kl. 09 00 – 15 00 (kvardagar)

Krisesenter Vest IKS

Krisesenter Vest IKS er eit gratis lågterskeltilbod. Senteret gir hjelp og støtte til menneske som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar, informasjon om rettar og moglegheiter, og tilbod om støttesamtalar. Krisesenteret kan vidareformidla kontakt med anna hjelpeapparat, advokat og politi.

Besøksadresse: Avd. Haugesund, 5501 Haugesund

Telefon: 52 72 98 84 (døgnoopen)

NAV

Nav sine brukargrupper er overrepresentert når det gjeld å ha vorte utsette for vald i nære relasjonar. Å vere merksam på at brukar kan vere utsett for vald, er viktig både av omsyn til brukaren og av omsyn til NAV si oppgåve.

Besøksadresse: Hovedgaten 38, 4250 Kopervik

Telefon: 55 55 33 33 kl 09 00 – 15 00 (kvardagar)

Nok. Sør-Vest

Nok.-senteret er eit tverrfagleg, gratis lågterskel hjelpetilbod til alle personar som har vore utsette for seksuelle overgrep og deira pårørande.

Besøksadresse: Nygårdsvegen 6, 5515 Haugesund

Telefon: 51 97 19 00 Alle dagar frå kl. 10.00 – 14.00
(tysdag kl. 12.00- 14.00 og onsdag til kl.17.00)

Psykisk helse- og rustenesta i Bokn

Psykisk helse og rustenesta er eit gratis lågterskeltilbod til innbyggjarane for å hindre og førebyggje psykisk sjukdom og rusproblem. Tenesta kan bidra med kartlegging av behov og vanskar, støttesamtalar, og kontakt med andre hjelpeinstansar.

Besøksadresse: Boknatunvegen 39, 5561 Bokn

Telefon: 404 10 570 kl 08 00 – 15 00 (kvardagar)

Statens barnehus Stavanger

Me er eit tilbod til barn, ungdom og familiane deira ved mistanke om at barn eller ungdom kan ha vore utsett for eller vore vitne til vald eller seksuelle overgrep. Tilbodet gjeld også for vaksne med utviklingshemming eller særleg sårbare.

Besøksadresse: Lagårdsveien 44, 4010 Stavanger

Telefon: 51 84 30 00 kl 08 30 – 15 00 (kvardagar)

Sør-Vest politidistrikt

Vald i nære relasjonar er ikkje ei privatsak, men eit samfunnsansvar som politiet og andre hjelpeinstansar skal handtera.

Politiet kan:

- Ta imot politimelding og etterforska forholdet
- Lytte og gi råd og rettleiing
- Opprette straffesak på vegner av det offentlege (offentleg påtale)
- Setja i verk vernetiltak for valdsutsette

Vold i nære relasjoner - Politiet.no

Besøksadresse: Smedasundet 50, 5528 Haugesund

Telefon: 02800 / 51 89 90 00

Politikontakt Bokn: Jostein Salemonsens

E-post jostein.salemonsens@politiet.no

Norge var tidleg ute med å tenke at utøvar av vald i nære relasjonar treng hjelp for å klare å slutte å utøve vald. Blant dei allmenne offentlege hjelpetenestene kan ein snakke med fastlege, helsestasjon, barnevern og psykisk helsevern om behov for hjelp.

Verksemder som arbeidar særskilt med å tilby spesialisert hjelp til utøvar av vald i nære relasjonar:

- o [Familievernkontoret Haugalandet | Bufdir](#)
- o [Stiftelsen Alternativ til Vold \(atv-stiftelsen.no\)](#)
- o [detfinneshjelp](#) – Tilbod til personar over 18 år med seksuell interesse for barn

- [Sinnemestringskurs hos familievernnet | Bufdir](#)
- [kurs-i-sinnemeistring.pdf \(helse-fonna.no\)](#)

9. NETTSTADER OG HJELPETELEFONAR

Alternativ til Vold er eit behandlings- og kompetansesenter på vald, med særleg vekt på vald i nære relasjonar

[Stiftelsen Alternativ til Vold \(ATV\): Behandlings- og kompetansesenter på vald i nære relasjoner \(atv-stiftelsen.no\)](#)

Kor lite skal du finne deg i? Du har rett til eit liv utan frykt for vald

[Er du utsatt for vold? - Politiet.no](#)

Informasjon om vald til den som er utsett og til hjelpeapparatet

[Vold og overgrep | Bufdir](#)

For kvalitetssikra informasjon om vald i nære relasjonar, valdtekt og andre seksuelle overgrep

[Dinutvei.no | Nasjonal veiviser ved vold og overgrep](#)

Hjelpelinje for deg som opplever vald eller overgrep i nære relasjonar

[VOlinjen](#)

Barn og unge:

Barn og unge som er utsett for ulike former for omsorgssvikt, eller som har behov for bistand på grunn av eiga risikoåtfærd kan ta kontakt

[Alarmtelefonen for barn og unge \(116111.no\)](#)

Stine Sofies stiftelse jobbar for å førebyggja og avdekkja vald og overgrep mot barn og unge, vareta dei som er utsette og styrke rettane deira

[Forside - Stine Sofies Stiftelse](#)

[Home - Jeg vil vite! - Jeg vil vite!](#)

informasjonskanal for ungdom

[Vold — Ung.no](#)

Vaksne og eldre:

Vern for eldre hjelper dei som står i fare for eller er utsett for overgrep

[Vern for eldre](#)

Menn:

Informasjon om seksuelle overgrep med spesielt fokus på gutar/menn

[Forside – utsattmann](#)

Tilsette:

Tverretatleg fagteam som hjelper hjelpeapparatet i konkrete saker om tvangsekteskap, kjønnslemlesting eller andre former for æresrelatert vald

[Kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vold | Bufdir](#)

Tilsette i tenestene har et sjølvstendig ansvar i å hindre at pasientar vert utsett for vald.

Dette inneber også eit ansvar for å tilby hjelp og behandling til personar som utøver vald

Vedlegg

Tiltakskort 1: Barn og ungdom

Tiltakskort 2: Vaksne og eldre

Rettleiing for dokumentasjon

TILTAKSKORT 1 – BARN OG UNGDOM

Kva skal du gjere ved mistanke om vald eller seksuelle overgrep mot barn/ungdom?

Valden kan ha mange ansikt – den kan vere fysisk, psykisk, seksuell eller handle om omsorgssvikt. Den kan også handle om frykt for ny vald eller for at ting vert øydelagt. Følg intuisjonen din.

Vald og overgrep kan skje i alle familiar, uavhengig av sosial bakgrunn. Sjå bak fasaden.

Hugs! Å vere vitne til vald kan ha like alvorleg effekt som sjølv å bli utsett.

SJÅ

Fysiske teikn

- Sår, blåmerke, brot
- Brann-, stikk-, kuttskadar
- Vondt i mage/hovud/rygg, svimmelheit
- Søvn- og etevanskar
- Dårleg tannhelse, skader i munnhole
- Sår og smerter i underliv
- Gjentekne urinvegsinfeksjonar, utflod, blod
- Sjølvskading

Psykiske teikn

- Endring i åtferd og/eller sinnstemning
- Sosial tilbaketrekking, nedstemt/trist
- Utagerande åtferd (fysisk/verbalt)
- Uro og irritabilitet, vaksam
- Konsentrasjonsvanskar
- Overdriven imøtekomande («pleasande») åtferd
- Svært kontaktsøkande eller avvisande
- Skadeleg seksuell åtferd

Signal

- Reagerer på berøring/kroppskontakt
- Bruk av rusmiddel
- Hyppige legebesøk eller sjukehusinnleggingar (med diffuse problem)
- Set seg imot innsyn i familien
- Familien set seg imot kontakt med hjelpeapparatet/tek kontakt seint
- Ver obs på «skjulte» budskap

SPØR

Start gjerne samtalen med:

- Eg har lagt merke til at ...

Og beskriv det du ser:

- Du verkar trøytt / sint / lei deg ...
- Eg ser at du har blåmerke på armen ...
- Det verkar som du ofte har vondt i magen ...

Tips til samtalen:

- Skap ein trygg situasjon slik at du kan spørje kva som har skjedd
- Generaliser: mange barn som eg snakkar med som ikkje har det så greitt heime, kan få slike plager. Det er kanskje ikkje slik for deg. Korleis er det å vere deg heime?
- Bruk gjerne barnet/ungdommen sine egne ord
- Still opne spørsmål, ver nysgjerrig og utforskande på det som vert sagt
- Bruk støtteord: hmm, ja, fortel, fortel meir om det
- Vis at du bryr deg og har tid til å lytte
- La barnet/ungdommen fortelje seg ferdig, du treng ikkje stoppe samtalen og gå inn i detaljar

- Det er viktig at barnet/ungdommen opplever at du toler å høyre det som blir fortalt
- Spør gjerne fleire gonger
- Ta imot det barnet/ungdommen seier med varme og omsorg. Forklar at du gjerne vil høyre meir, og at du vil notere det han/ho seier fordi du vil hjelpe etterpå
- Forklar kva som skjer vidare og avtal nytt møte
- Ved bruk av tolk, tydeleggjer at samtalen må bli oversett så ordrett som mogeleg

AVKLAR

Barn/ungdom kan brått og uventa fortelje om hendingar heime. Dersom forteljinga frå barnet gjer at du mistenkjer vald eller overgrep, skal barnevernstenesta eller politiet konsulterast straks. Inviter deretter barnet til ny samtale i rolege omgjevnader.

- Då du sa det ... tidlegare i dag, kva meinte du då? Fortel
- Eg har tenkt sånn på det du sa tidlegare om ... Fortel litt meir
- Eg har ikkje vore der, så fortel så godt du kan ...
- Kva skjer vidare då?
- Nokon gonger når barn/ungdom seier ... så kan det vere fordi noko er vanskeleg eller rart. Er det slik for deg også?

Tilpass samtalen etter barnet/ungdommen sin alder og utvikling. Vis varsemd, og la han/ho fortelje så fritt som mogeleg. Ikkje spør så detaljert, det er politiet eller barnehuset som eventuelt avhøyrer barnet/ungdommen. Når barnet/ungdommen er ferdig med si forteljing, bekreft det han/ho har sagt og tydeleggjer at det han/ho har fortalt er viktig.

Lov aldri at du ikkje skal seie det til nokon. Forklar at du må snakke med andre vaksne om det barnet/ungdommen har fortalt.

Ver merksam på situasjonen til eventuelle familiedyr.

HANDLE

Kva gjer du?

- Skriv ned det du observerer og det som blir fortalt så ordrett som mogleg.
- Drøft eventuelt saka med kollega/samarbeidspartnar som og kjenner barnet/ungdommen.
- Drøft med næraste leiar og eventuelt helsesjuepleiar. Legg ein plan saman om kven som gjer kva i høve strakstiltak, bekymringsmelding og tilvising til hjelpeapparatet.
- Er du usikker? Kontakt barnevernstenesta, krisesenter, politi eller overgrepsmottak for å drøfte saka anonymt. Det er ikkje krav til dokumentasjon av mistanke, det vil seie at «magekjensle» er tilstrekkeleg til å drøfte saka.
- Send bekymringsmelding til barnevernstenesta. Det er leiar sitt ansvar å melde saka vidare til barnevern/representere verksemda. Meldinga skal innehalde: personalia til barnet og føresette, årsak til bekymring (det du har sett, høyrte, observert og kor tid), kontaktperson, og kva som allereie er gjort.
Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølvstendig ansvar for sjølv å melde. Hugs! Du skal kun melde frå om di bekymring. Det er barnevernet som undersøker saka og avgjer vidare tiltak.
- Dersom saka er hjå barnevernstenesta eller er lagt vekk, og valden/overgrepa held fram: Meld ny bekymring til barnevernstenesta. Saka kan vere lagt vekk grunna mangel på informasjon eller at familien har takka nei til hjelpetiltak. Det er viktig at du held fram med å undre deg over barnet/ungdommen sin situasjon, og melder i frå om uro på vegne av denne.
- Eininga har ansvar for vidare framdrift. Det skal lagast ein skriftleg handlingsplan der det er klart for alle i eininga kven som skal gjere kva i høve til saka.

Ved seksuell omgang mellom ungdom som er likeverdige/over seksuell lågalder, der ungdommen er usikker på om det har skjedd eit overgrep, må ein avklare kva behov ungdommen har. Vis vedkommande vidare til den tenesta som best kan hjelpe, til dømes fastlege, helsesjuepleiar eller psykisk helseteneste.

AKUTTE SITUASJONAR

Definisjon akutt: Ein situasjon som oppstår, kor det er uforsvarleg å sende barnet/ungdommen heim etter endt barnehage/skule, eller kor det er heilt naudsynt å handle der og då for å beskytte den utsette, samt sikre bevis. Her må tenestene gjere ei grundig risikovurdering.

Når du har grunn til å tru at eit barn er utsett for vald og overgrep, har du avverjeplikt og opplysningsplikt og skal umiddelbart og utan hinder av teieplikta melde frå til barnevernstenesta, politi og næraste leiar:

- Ved fysiske skader
- Ved symptom på psykisk vald
- Ved alvorlege trugslar
- Ved mistanke om seksuelle overgrep
- Når barnet viser redsel for å gå heim
- Når barnet blir henta av rusa foreldre
- Negativ sosial kontroll
- Ved mistanke om nært føreståande eller gjennomført kjønnslemlesting eller tvangsekteskap

NB! Ved mistanke om vald og overgrep mot barn i heimen (frå foreldre/føresette/søsken/stesøsken) skal IKKJE foreldre/føresette kontaktast.

Telefonnummer - akutt hjelp

Politi: 112 / 02800

Barnevern: 900 63 350 (dagtid)/ 915 32 510 (utanom kontortid)

Legevakt: 116 117

Krisesenter Vest: 52 72 98 84

Overgrepsmottak: 469 29 130 / 52 73 20 00

TILTAKSKORT 2 – VAKSNE OG ELDRE

Kva skal du gjere ved mistanke om vald eller seksuelle overgrep mot vaksne / eldre?

Valden kan ha mange ansikt – den kan vere fysisk, psykisk, latent, seksuell, materiell, økonomisk, digital, tvangsekteskap eller kjønnslemlesting. Den kan også handle om omsorgssvikt, frykt for ny vald eller for at ting vert øydelagt. Følg intuisjonen din.

Vald og overgrep kan skje i alle familiar, uavhengig av sosial bakgrunn. Sjå bak fasaden.

SJÅ

Fysiske teikn

- Sår, blåmerke, hevingar, brot
- Brann-, stikk-, kuttskadar
- Vondt i mage/hovud/rygg, svimmelheit
- Søvn- og etevanskar
- Gynekologiske smerter

Psykiske teikn

- Endring i åtferd og/eller sinnstemning
- Sosial tilbaketrekking, svingande humør
- Redsel, uro, angst, forvirring
- Deprimert, nedstemt, trist
- Sjølvmostankar, sjølvmostforsøk
- Hjelpeløys og resignasjon
- Konsentrasjonsvanskar

Signal

- Reagerer på berøring /kroppskontakt
- Vanskjøtsel av seg sjølv
- Bruk av rusmiddel eller legemiddel, auka etterspurnad etter medisinar
- Hyppige legebesøk, sjukemeldingar eller sjukehusinnleggingar (med diffuse problem)
- Avtalar vert ofte endra eller kansellert
- Partner er ofte med på avtalar
- Endring i økonomi, uvanleg pengebruk, personen er stadig blakk
- Endring av testamente
- Knuste eigedeler, øydelagde hjelpemiddel, hol i dørar og veggar (ved heimebesøk)
- Manglar eigedeler eller verdisaker
- Set seg imot innsyn i familien/par-relasjonen
- Familien set seg imot kontakt med hjelpeapparatet/tek kontakt seint
- Unngår kontakt med omsorgsgjevar
- Sprikande forklaring på hendingar. Ver obs på «skjulte» budskap og bortforklaringar

SPØR

Start gjerne samtalen med:

- Eg har lagt merke til at ...
- Eg er bekymra ...

Og beskriv det du ser:

- Du verkar sliten / sint / lei deg ...
- Eg ser at du har blåmerke på armen ...
- Det verkar som du er mykje borte frå jobb ...

Tips til samtalen:

- Skap ein trygg situasjon slik at du kan spørje kva som har skjedd
- Tilpass samtalen, ta omsyn til kognitiv fungering og eventuell funksjonsnedsetjing

- Generaliser: Mange eg treff i jobbsamanheng har vore utsett for vald eller truslar om vald frå partner eller familie. Eg har oppdaga at mange ikkje veit at dei kan snakke med meg om dette, så eg spør alle:
 - Korleis er dette for deg?
 - Kjenner du deg redd, krenka, audmjuka eller trua?
 - Er du redd eller plaga av nokon du kjenner godt?
 - Vert du kontrollert av andre?
 - Kva skjer dersom du og den som hjelper deg er ueinige?
 - Har nokon pressa deg til å gjere ting du ikkje vil?
 - Har nokon hindra deg i å få naudsynt hjelp?
 - Kjenner du deg trygg i eigen heim?
 - Har den du bur saman med vanskar med å kontrollere sinnet?
- Spørsmål om barn:
 - Er barna dine trygge, eller er du redd dei kan bli skada?
 - Kor er barna ved konflikter i heimen?
- Prøv å unngå bruk av ordet vald
- Still opne spørsmål
- Bruk aktiv lytting: hmm, fortel meir om det, beskriv, kva gjorde du, kor var du, korleis opplevde du det ...
- Gjenta nøkkelord i det som blir sagt
- Unngå vurderingar av det som blir sagt (oi, så forferdeleg, stakkar osv.)
- Vis at du bryr deg og har tid til å lytte
- Ved bruk av tolk, tydeleggjer at samtalen må bli oversett så ordrett som mogeleg

AVKLAR

Korleis artar valden seg?

- Slag, kutt, , brot, truslar, seksuell tvang
- Lugga, brent, audmjuka eller latterleggjort
- Underernært eller dehydrert
- Ubehandla medisinsk tilstand, over-/underdosering av medisinar
- Uventa veneral sjukdom eller kjønnsinfeksjonar
- Manglande råderett over eigen økonomi
- Sosial kontroll, nekta kontakt med familie og vener
- Øydelegg ting vedkommande er glad i
- Kjæledyr vert mishandla
- Tvangsekteskap, kjønnslemlesting

Kor alvorleg er valden?

- Er det fare for liv og helse?
- Beskriv kva som skjedde
- Kor tid skjedde dette siste gong?
- Er du redd noko skal skje i framtida?
- Har du tidlegare fortalt andre om dette eller fått hjelp?

Samlivsbrot, tidlegare valdsepisodar, tap av ære, arbeidsløyse, økonomiske vanskar, sjukdom, rus og tilgang til våpen kan gi auka risiko for grov vald og partnardrap.

HANDLE

- Skriv ned det du observerer og det som blir sagt, så ordrett som mogleg. Sjå rettleiing for dokumentasjon.
- Be den valdsutsette om å skrive ned kva som har skjedd og kva som skjer, og spesifiser tid og stad for hendingane.
- Motiver den valdsutsette til å kontakte hjelpeapparatet, slik at han/ho kan få hjelp til å kome ut av valdssituasjonen. Hjelp til med å få kontakt med hjelpeinstansar. Lag avtalar med desse,

og bli med om det trengst. Oppfordre til å snakke med politiet, gjerne saman med nokon dei er trygge på.

- Forklar den valdsutsette om ditt ansvar og kva som vil skje vidare. Det er viktig med oversikt i denne fasen.
- Diskuter eventuelt saka med kollega eller samarbeidspartnar som kjenner vedkommande.
- Er du usikker på kva du skal gjere, kan du diskutere saka anonymt med krisesenter eller politiet. Er det barn involvert, kan du ringe barnevernet for ein anonym drøfting.
- Drøft med næraste leiar. Lag ein plan saman om kven som gjer kva i høve til strakstiltak og tilvising til hjelpeapparatet.
- Ved mistanke eller rykte om vald/seksuelle overgrep, skal næraste leiar vurdere å kontakte politiet. Meldinga skal innehalde: personalia, årsak til bekymring (det som er observert), kontaktperson, og kva som allereie er gjort. Det er ikkje krav om dokumentasjon av mistanke; magekjensle er tilstrekkeleg for å drøfte saka. Leiar har ansvar for å melde saka til politiet. Dersom leiar ikkje melder frå, har den tilsette sjølv ansvar for å melde.
- Dersom den valdsutsette ikkje ønskjer hjelp, lag ein plan. Avtal nytt møte/telefonkontakt etter nokre dagar. Kva kan du gjere dersom du ikkje får kontakt? Kven kan kontaktast? Lag ein kriseplan for nye valdsepisodar. Be den valdsutsette lagre viktige nummer på telefonen sin.
- Informer om avverjeplikta som alle har, om plikta til å avverje alvorlege straffbare handlingar som vald i nære relasjonar. Forklar at du har plikt til å melde frå til politiet. Drøft med leiar, politi eller krisesenter om melde- og/eller avverjeplikta er utløyst.
- Send bekymringsmelding til barnevernet dersom det er barn i husstanden.
- Eininga har ansvar for vidare framdrift. Det skal lagast ein skriftleg handlingsplan som tydeleggjer kven som skal gjere kva i saka.

AKUTTE SITUASJONAR

Definisjon akutt: Ein situasjon som oppstår, kor det er heilt nødvendig å handle der og då for å beskytte den utsette, samt sikre bevis. Her må tenestene gjere ei grundig risikovurdering.

Ved akutte situasjonar kor vedkommande har vore utsett for alvorlege truslar, vald/overgrep:

- Ta kontakt med politiet. Fortel kva du har sett, og kvifor du er redd for nye overgrep
- Ta kontakt med Overgrepsmottaket ved Haugesund sjukehus eller legevakt ved mistanke om valdtekt. Unngå kroppsvask før undersøkinga
- Tilby den utsette å ta kontakt med Krisesenter Vest

Telefonnummer - akutt hjelp

Politi: 112 / 02800

Barnevern: 900 63 350 (dagtid)/ 915 32 510 (utanom kontortid)

Legevakt: 116 117

Krisesenter Vest: 52 72 98 84

Overgrepsmottak: 469 29 130 / 52 73 20 00

RETTLEIING FOR DOKUMENTASJON

Dette er ei rettleiing til korleis du som tilsett/leiar skriftleg kan dokumentera informasjon du får om vald eller seksuelle overgrep.

Dokumentasjonen er viktig for å synleggjera valdsomfanget og kva som er gjort av tryggingstiltak og oppfølgingstiltak. Formålet med skadedokumentasjon er å beskriva funn og sikra spor for å avklara fysisk, seksuell eller anna form for vald.

[Lov om helsepersonell m.v. \(helsepersonelloven\) - Kapittel 8. Dokumentasjonsplikt - Lovdata](#)

Skriv ned ei detaljert skildring av kva som gjorde at du vart bekymra for at personen kan ha vore utsett for vald eller seksuelle overgrep.

- 1) Kva var det som først gjorde deg bekymra for at nokon kan vere utsett for seksuelle overgrep eller vald?
 - Kva skjedde?
 - Var det noko vedkommande sa? (beskriv ordrett, om mogleg)
 - Kva gjorde vedkommande? (konkret beskriving av åtferd)
 - Korleis var kroppsspråket/ansiktsuttrykket?
 - Fysiske teikn? (Såg du til dømes blåmerke? Prøv å sjå meir av kroppen – ver kreativ)
- 2) Kor tid skjedde det?
- 3) Kor skjedde det?
- 4) Var det andre til stades?
- 5) Skildre situasjonen i forkant av hendinga/samtalen?
- 6) Korleis reagerte du (eventuelt andre) på det vedkommande sa/gjorde?
 - Kva sa du til vedkommande?
 - Kva gjorde du heilt konkret?
- 7) Har du snakka med vedkommande om dette før/seinare?
- 8) Kven er informert om uroa di?
- 9) Kva gjer du vidare?

Helse- og omsorgspersonell skal undersøkje, behandla og dokumentera skadar utan tanke på kva den strafferettslege situasjonen er. Eventuell utlevering av helseopplysningar må gjennomførast etter avveging mellom reglane om teieplikt og reglane om opplysningsplikt og opplysningsrett.

Dokumentasjon av skadar etter vald kan spela ei avgjerande rolle i straffeforfølgning mot valdsutøvar og i erstatningsspørsmål.

Journalen bør innehalda:

- ✓ detaljar om funn og forandringar som teikn på sjukdom eller skade
- ✓ skadeskildring kan avgrensast til skisser med stikkord og foto i ein akutt situasjon
- ✓ samandrag av pasienten si eiga forklaring så nøyaktig og objektivt som mogleg utan eigne vurderingar
- ✓ vurderingar når det gjeld tryggingssituasjonen for utsette og om det er mindreårige barn i biletet. Kva tryggleiks- og vernetiltak som blir sett i verk for å verna pasienten og eventuelle barn
- ✓ presisering av negative funn
- ✓ konsekvensar av fysiske skadar, psykisk tilstand og psykososiale reaksjonar
- ✓ eventuelt namn på andre nærverande og/eller tolk
- ✓ eventuell merknad om at pasienten kan vera påverka av rusmiddel

I situasjonar der den valdsutsette har mindreårige barn (eller bur med barna til andre) bør opplysningar om familieforholdet bli ført i journalen. [Journalføring der person som utøver vold har mindreårige barn – NKVTS – En veileder om vold i nære relasjoner](#)

[Dokumentasjon – NKVTS – En veileder om vold i nære relasjoner](#)

[Dokumentasjon og sporsikring – NKVTS – En veileder om vold i nære relasjoner](#)